

# **Forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg i Hjelmeland kommune**

Vedtatt i Kommunestyre den 12.12.2012

## **§1. Formål**

*"Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgåver"* (brann- og eksplosjonsvernlova) og *"forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn"* heimlar kommunen si plikt til å gjennomføra feiing og tilsyn med fyringsanlegg og rett til å krevja gebyr som dekker kostnaden med tenesta. Gjennom lokal forskrift kan kommunen bestemma hyppigheit og fastsette grunnlag for gebyr.

## **§2. Verksemd**

Denne forskrift gjeld feiing og tilsyn av alle fyringsanlegg i Hjelmeland kommune kor *"lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver"* (brann- og eksplosjonsvernlova) og *"forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn"* pålegg dette.

## **§3. Hyppigheit feiing**

Feiing skal utførast så ofte som nødvendig for å hindra at brann eller andre skadar oppstår. I utgangspunktet skal det enkelte fyringsanlegg vurderast med omsyn til kor hyppig det er behov for å feie. Brannsjefen bestemmer kor ofte feiing skal gjennomførast, på grunnlag av erfaring frå tidlegare gjennomført feiing, fyringens art og omfang. Brannsjefen sett på bakgrunn av dette opp ein rullerande plan for gjennomføring av lovpålagt feiing og tilsyn. Feiing av pipeløp i bustad skal uansett utførast minst kvart 4. år.

## **§4. Hyppigheit tilsyn**

Tilsyn med fyringsanlegg i bustader utførast minst ein gong kvart 4. år.

## **§5. Varsling**

Varsel om feiing og tilsyn leggst i postkasse eller på dør 3-5 dagar før feiing og tilsyn. Dersom feiar ikkje får respons på varsel og ingen er heime på varsla dag, går feiaren forbi, men legg att beskjed om at feiing/tilsyn skal utførast seinare etter avtale. Dette er huseigar sitt ansvar.

## **§6. Gebyr**

Gebyr for feiing og tilsyn vert fastsett årlig av kommunestyret, normalt i samband med handsaming av budsjett. Gebyret dekker både feiing og tilsyn. Det skal betalast

gebyr for samtlege bustadar/bygningar som har eit eller fleire faste ildstadar, uavhengig av om desse er i regelmessig bruk eller ikkje.

Der bustad har fleire pipeløp skal gebyret væra 20% lågare for dei ekstra pipeløpa.

Bustad med gasspeis som ikkje har feiing skal berre betala for tilsyn, noko som i betyr halv avgift.

Gebyrplikta er ikkje knytt til tidspunkt for når den enkelte feiing/tilsyn er gjennomført, men gjeld for feieperioden uansett når i perioden tenesta finn stad.

Gebyr kan krevjast inn sjølv om feiing og tilsyn ikkje er utført i følgjande tilfelle:

- Feiar har ved inspeksjon av fyringsanleggets røykkanalar funne at feiing ikkje er nødvendig.
- Feiar har etter varsel og ved oppmøte til fastsett tid, ikkje fått tilfredsstillande adgang til fyringsanlegget, fordi eigar eller leigetakar ikkje har vore til stades, eller lagt til rette for adkomst til fyringsanlegget.
- Kommunen har etablert ordning med periodevis innkrevjing av omsyn til eit rasjonelt innkrevjingssystem, og at lovbestemt feiing føregår etter en rullerande plan.

### §7 *Gebyrfritak*

Kommunen kan etter søknad gje fritak frå å betale gebyr i fylgjande tilfelle:

- Bustaden er ubebudd i eit heilt kalenderår.
- Det vert berre nytta oppvarming som ikkje treng røykavløp. Ildstaden må då fjernast frå pipa eller pipa må fysisk verta sperra for bruk.

Søknad om fritak skal rettast til brannsjef

Fritak vert gjeve for året etter mottak av søknad og fram til melding om bruk av pipa vert gjeve av huseigar.

Vert pipa teken i bruk att etter fritak, må huseigar snarast melda frå om dette til brannsjefen

### §8. *Andre tenester*

Eigarar og brukarar av fyringsanlegg som ynskjer feiing utanom lovpålagt feiing, fjerning av beksot eller andre ikkje lovpålagte tenester frå brannvesenet, må sjølv kontakte fagkyndig feiar og avtale dette. For slike tenester fastsett feiar sjølv kostnad og foretar fakturering.

### §9. *Klage*

Klage på vedtak gjort i medhald av denne forskrift, rettast skriftleg til Hjelmeland kommune.

### §10. *Ikraftsetjing*

Denne forskrift trer i kraft snarast.